

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Høgtidsmat ved fam.festar

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Lyngnes

Gard: Steinsvik

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr. 131 Br.nr. 1 - 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga og gransking.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det var vanleg skikk at både grannar og slektningar skulle bera sengjamat - også så mange av slektningar som budde andre stader som berre kunne koma avstad. Veninner kjende det ikkje som plikt, men også dei var med stundom. Dei hadde heller ein ting med, enn mat.
- 2/ Sengjamatkonene kom alltid enskildvis, og det var inga avtale, korkje kva dei skulle ha med, eller kva tid dei skulle gå. Difor hende det stundom at det "røk i dungje" med sengjamatkjerringar - mange "føringar" på same dag.
- 4// 2. og 3. dagen kunne dei ta til - og så lenge utover.
- 5// Kvar gjekk berre ein gong.
- 6// Maten var kort sagt: Rømmegraut, og den heitte "barsel-graut".
- 8// Grauten bar dei i ambarar som var fint svi-merkete i krotingar utanpå. Dei var ikkje måla. Seinare bruka dei skåler eller fat plasert i ei korg.
"Kring 1920 bar ei førstegongs bestemor sengamat til dottera hit over fjellet frå Nordfjord. Det var graut i ein ambar - vegen er så lang at ein må gå godt skal dagen rekke til."
- 9/ Barselgrauten var sengjamat - og noko anna var ikkje brukt til kring 1920. Då tok somme til å senda kaker av ymse slag i stdf. graut - og dette heitte og sengamat.
- 10/ Det var alltid kona som gjekk med slikt - og då dei som hadde hatt born, og fått sengjamat, eller slike som venta å få både det eine og hitt.
- 11/ Hadde mannen gått med sengjamat - ville han blitt reint til lätteløggje.
- 12/ Dei fekk traktering - kaker av det som var tillaga. No reknar dei med å få smaka av sine egne kaker og. Men aldri om dei åt av grauten.
- 13/ Det heitte "å gå med sengjamat" der i låg og trakteringa.
- 14/ nei. 15)) Mange gjekk og til ugifte, men då meir i det stille - så dei ugifte mødrene og skulle ha godkjensla av å vera mor på denne måten og - men det var rekna aldri så lite av ei sælebotsgjerning å gå med sengamat til slike. Og dei som ikkje hadde stort nok hjartelag sat heime. 16/ Ein kan sei at frå 1920 tok skikken til å skifte. Dei unge byrja koma med småkaker, bløtkaker, og i det siste blomar som dei gjerne sender ved sjølve fødselen, og så med kaker seinare. Gjerne set dei ut kakesendinga til dåpsgildet, for då kjem det vel med. Slektningar sender ofte småting, barnekle o. likn.

- 17/ Gåve hadde dei ikkje med før til den nyfødde. Men
 18/ som før nemnt sender dei gjerne ein liten ting no.
 19/ Dåpskalas, b a r n s ø l , måtte alltid vera - no og.
 Først og fremst fadderane, og så næraste slekta, ~~men~~
 Her hadde dei ei mils veg til kyrkje (etter 1910) før
 den tid 2,5 mil) Det var skikk at heile båtlaget
 fekk mat ved kyrkja -
- 21/ Berre næraste slekta kom stundom med mat. Matsetelen
 var ikkje viss, men det skulle vera høgtidskost.
 22/ No er dei same med, fadderane og næraste slekta. Det
 er middag heime når ein kjem att frå kyrkja, og så
 vanleg god mat vidare utover dagen og kvelden.
- 24/ Det var lite høgtid med fødselsdagane, nokolite for born.
 25/ Berre ved runde år, og ikkje mykje.
 26/ Berre slektingar.
 27/ Vanlegvis berre dei bedde, men stundom og andre.
 28/ Ikkje som ein veit om.
 29/ I barneselskap kakao og bløtkake, men og annan godmat.
 Slike barneselskap held dei no jamt.
- 30/ Konfirmantfeiringa her vart i nokså stor monn bestemt av
 den lange kyrkjevegen. Dei måtte fara herifrå i 6-7tida
 om morgonen, og kom ikkje att før i same tider om em.
 Med maten var det då vanleg høgtidsmat - i det heile
 var konfirmasjonsdagen - "masjonsdagen" - ikkje så
 svært mykje høgtid med i matvegen. Ofte var fadderane
 bedne. - Dette har ikkje skift så mykje hittil. No
 kjem ein før frå kyrkja, så er det då ein bedre kjøt-
 middag - og så koselag med kaffi og kaker seinare.
- 31/ Konfirmasjons "selskap", om ein kan kalla det så, har
 vore brukt så lenge nokon veit. Sjå alles ovanfor.
 32/ Sjå ovanfor. Ofte bed ein fadderane og så næraste slekta.
 Presten er aldri med, stundom læraren.
 33/ Nei. 34// Ja, alle som er bedde. Og her i grenda gjev
 ein og gåver til dei i næraste grannelaget, sjølv om
 ein ikkje er bedd og med i selskapet. 35/// nei.
- 36/ Nei. 37// Ikkje no heller.
 38/ Bryllaupet rekna ein tok til bryllaupsaftan, kvelden
 føre bryllaupsdagen. Då kom dei som hadde noko veg å ~~få~~
 fara. Dei fekk då kveldsmat - som ~~stundom~~ oftast
 var brødmatt med fisk, helst fersk attåt. Bryllaups-
 dagen var det så frukosten før dei for til kyrkje.
 Lefser, smør i former, brødmatt og lutafisk, dravle
 eller kaffi til drikke. Kyrkjevegen var lang, og
 nisteskrinet med mykje lefser i måtte vera med.
 Heimkomne i 5-6 tida om kvelden var det middag, ein
 kjøttrett, med smør og brød og suppe til, alt servert
 samtidig. Til vanleg var det ikkje meir mat då før
 brudagrauten kom i midnattes tider - eller seinare.
 Dagen etter var det frukost - omlag som bryllaupsdagen.
 Og så fisk, smør og brød og mjølkesuppe til middag.
 Bryllaupet var då slutt - men slektingar som att var
 fekk og nonsmat før dei for heim. No har dei ofte
 bruragrauten 2. dagen, og bed då gjerne slike som ikkje var
 med den første - attåt.
- 39/ Bryllaupssending hadde alle som kom med, serleg då
 lefser i dertil laga korgar, brudakorgar, og nokre
 vide kaker, steikte mellom to baksteheller. Kor mykje
 bryllaupssendinga skulle vera, det avgjorde hjartelaget
 og kor "svar" ein ville vera. Søst høyrde og med.

Vidare smør i former, og gjerne ost.

40/ Smøret pynta seg sjølv i "smørkannene" amman mat var ikkje pynta.

41/ Nei, ikkje det ein veit. 42/ Sendinga var "Bryllaups-sending." 43/ Kona som hadde laga til, bar det fram.

44/ Sendinga hadde dei med når dei kom, men ein veit ikkje av at det då, bryllaupsaftan var noko sers for sendinga.

45/ ikkje. 46// Ho som stod for maten, var "buda-kona".

Det var ei ære å vera budakone - og dei som var serleg skikka til det vart mykje bruka. Det tron g ikkje nett vera nokon av gjestene. Ho hadde oppsyn med all mat, og sytte og for B r u d a b è t e n som skulle vera med heimatt.

47/ Ikkje ordentleg fleirdagersbryllaup no. Men ~~oftast~~ oftast blir det eit "etterbryllaup" dagen etter då det kan vera like mykje folk - sjå elles ovanfor.

48/ Det hender, men er ikkje vanleg.

49/ Svært sjeldan. 50/ Slike får visst gaver med næraste slekta seinare - som eit minne. 51/ Ikkje nokon fest kvar årsdag, men ei lita minnehøgtid ved runde tal - til dess ein kjem opp til 25 som vert høgtida, og endå meir 50 år.

52/ Heile grenda var med i gravøl, dei vart ikkje bedne, men det var skikk å gå likevel. 53// Gravølet har så vidt ein veit vart berre ein dag. Måltida var frukost som før nemnt for bryllaup, ~~middag~~ og så ikkje noko meir for dei som ikkje fylgde til gravbakken. Dei som for dit fekk middag når dei kom att, oftast rømmegraut.

54/ Måltida vart servert ved langbord, frukosten før sjølve gravferdshøgtida i heimen. - No etter at dei er farne med liket. 55// Ikkje kjent. 56/// Nei.

57/ Det var alltid halde i heimen her, same om plassen var liten. Liket skulle ut derfrå. No har det i somme høve skift, då ein brukar forsamlingshuset.

58/ Det var ikkje brukt noko serleg sending til gravøl. Men fleire koner kom i gravøls-garden og hjelpte til med å få til mat, og ordne til.

59/ Ukjent. 60-61 Ikkje. 62/ Som før nemnt veit ein ikkje om fleire dagers gravøl. Dei gamle tok også døden nokså sjølvsgd(!) og utan sers stak og styr. 63/ I 1890 åra vart det heilt slutt med heimebrygging - og sia har det ikkje vore brukt vesentleg alkohol i noko lag. Også før var ~~64/ Ikkje~~ alkoholbruken nokså beskjedne.

65/ Nokolunde som sagt ovanfor. Heile grenda samlast i heimen til avferda der. Somme fyl til kyrkjegarden, dei andre får kaffi og brødmatt og sjølvsgt lefser og søst. Dei som kjem frå kyrkje får først og fremst gravarlaget, får rømmegraut - og gjerne kaffi og småkaker etterpå.

68/ Ikkje brukt. 69/ Det kan eg ikkje no svara på, men skal ha det i tankane og prøva finne det ut ved gjennomgåing av dei eldste årgangar av lokalbladet.

70/ Nei. 71/ Dei fleste - kanskje alle - høgtidar morsdagen. Ein må tru at kring hundreårsskiftet kom det inn - men er uråd å seia noko visst om det. 72/ Litt i det aller siste.

73/ Nei, men bløtkake høyrer gjerne til i slike høve.

74/ Her er ikkje bakar, kvar lagar sine av det slaget.

75./ Desse dagane vart sikkert kjent gjennom blada. Og med morsdagen hadde sikkert Anders Hovdens dikt: Mor i dag er det dagen din - noko av æra for at dagen vart høgtida.

Ofte skipar ein til offentleg morsfest og den dagen, ~~nikke~~ ~~nikke~~ Farsfest har enno ikkje vorte, men det har vore på tale.